



Kenneth Manger  
Mykingvegen 771 A  
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/4234 - 23/28330

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
14.04.2023

## **Løyve til uttak av massar i samband med bygging av landbruksveg på gbnr. 29/2 Hauge. Vidare løyve til å etablere enkelt rideområde for hest.**

**Administrativt vedtak: Saknr:**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar §§ 3-1,3-2 og 3-3 jf. § 1-1 gjev Alver kommune Kenneth Manger løyve til å ta ut steinmasse på eit areal med storleik 20x40m<sup>2</sup> på gnr. 29, bnr. 2.

Når masseuttaket er ferdig, kan det det uttaket av steinmassar har vore utført, etablerast eit enkelt treningsområde for hest.

### **Vilkår:**

- Under arbeidet må søkjar så langt råd er unngå inngrep i og/eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tuffer med meir.
- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering varslast.
- Teknisk må anlegget byggjast slik det er søkt om og slik det kjem fram i skildringa i saksutgreiinga.
- Vedtaket er gyldig til 31.05.2026.
- Arbeidet skal vere ferdig innan 31.05.2027.
- Etter ferdig bygging skal området ryddast.

**Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.**

### **Saka gjeld**

Kenneth Manger søker om å få ta ut massar i eit område på 20x40m. Det skal sprengjast ned i fjell og takast ut om lag 700m<sup>3</sup>. Steinmassane skal nyttast til vegbygging på landbruksvegen

som går til tunet og vidare bort til det omsøkte området. Tiltakshavar vil fylle att delar av gropa med stein etter at uttaket er ferdig. og leggje masse på sidene for å dempe inngrepet. Søkjar ynskjer å etablere eit avgrensa område til å trene hestar på, der gropa etter steinuttaket ligg.

#### **VURDERING:**

Sidan føremålet med steinuttaket er å nytte steinen til bygging av landbruksveg, finn kommunen det rett å handsame saka etter forskrift om bygging og planlegging av landbruksveg.

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløyningar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog og vidare på eigen eigedom og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune har ikkje svara, men har tidlegare gjeve uttale i samband med handsaming av vegsøknaden. Vi legg denne til grunn no. Den gong heitte det at fylkeskommunen kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stoggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen avgjerande merknad til søknaden, men peikar på at tiltaket ligg i strandsona. Det er viktig at kommunen vurderer om søknaden er i tråd med kommuneplanen.

Tiltaket ligg i LNF-område (landbruk, natur og friluftsområde). I kommuneplan sin arealdel for Lindås kommune 2019-2031 – føresegner og retningslinjer pkt. 3.4.1. LNF-områder pkt. b) heiter det:

*«I 100-meters beltet langs sjø og vassdrag er det tillate med bygningar, landbruksgjerde, leskur, landbruksveg, opplag for landbruk, fiske, havbruk/akvakultur og ferdsle til sjøs eller andre tiltak som er nødvendige for aktiv drift. Unntaket gjeld der plasseringa er nødvendig av driftsomsyn og tiltaka ikkje kan plasserast utanfor 100 meters beltet jf. pbl. § 11-11 nr. 4.»*

I dette tilfellet er vegen i all hovudsak alt bygd forbi steinuttaket og uttaket ligg kloss i vegen. Tiltaket ligg òg dels på oppsida av vegen. Vi meiner at å flytte inngrepet til «ein annan stad» vil gje større og synlegare inngrep enn dette tiltaket. Tiltaket vil verte skjult av furuskog og det

ligg i bakkant av vegen. Ikkje minst det faktum at det skal dekkjast til slik søkjar skriv, vil føre til at det vert meir skjult.

Når ein fyrst har gjort eit slikt tiltak, tenkjer kommunen at det heller ikkje kan vere nemnande problematisk at området vert jamna til slik at ein kan «trene hestane» der slik søkjar skriv.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegene er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
- Lindås kommune, kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031 føresegnar og retningslinjer.
- Forvaltningslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/4234»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Kenneth Manger

Mykingvegen 771 A

5913

EIKANGERVÅG